Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Skudenes

Emne: Brynet. | Bygdelag: Falnes sogn

Oppskr. av: Lars Tjøstheim | Gard:

(adresse): Skudeneshavn. | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR Brynet.

Brynet heiter her i bygdene „kvasstein" eller kvatstein. Hein er litt kjend som ein hard kvatstein. Det er av og til brüka i ordlaga: „hard som ein stein". Dei siste 10-20 åra har her berre vore å få kjöpt künststeinar; men för var her berre natürsteinar. Folk her kalla dei litt „hardingesteinar". Desse steinane var nok frå Hardanger, og folk her kjöpte dei litt av „Hardingane". Haringar var handlarar som kom her sör til Rogaland med jekter og selde frükt, hüsflidsvarer, like frå litle båtar med til kvatsteinar. Det er nå brükt å slipa alle bitjern på runde slipesteinar og så kvetja etterpå. Det er det einaste barberkniven. Han brüka folk helst berre å kvetja og deretter å stryka på lerstryka - Nå er og barberkniven gått av brük og barberhövelen tatt plassen -. Mange gamle hadde og mykje arbeid med kvetjing og stryking av barberkniven. Litt hadde dei tru på at flod og fjöre verka på

356

barberinga. Det var mange som ikkje
barberte seg anna enn på floda.
Eg kjenner ikkje til at her var faste
slipesteinar – anna enn ei og onnor
praktisk kone titt har brūka å gå
ūt på trappa og kvesste brödkniven.
Gamle folk fortalde at her frå gamalt
var ein tynslesmed på kvar gard.
Han banka ūt ljåane, og deretter berre
kvatte dei. Men kor lenge det er
sidan dette blei brūka, kan eg ikkje
segja.
Nå brūkar folk her lite og inkje
ljå. Då slåmaskina blei vanleg – for
20-30 år sidan – blei ljåen mindre
og mindre brūka. Men frå gamalt
var slåtten ei stor og vanskeleg vinne
Dei brūka her helst langorv, men langs
reinar og i verste ūföret brūka dei
stuttorvet. Når dei skulle slipa, löyste
dei alltid ljåen frå orvet. Til å festa
ljåen til orvet, brūka dei ei snor,
og til å klemma det hard til med
brūka dei ein kile av hardt tre
som dei kalla „ljåspöta" (ei). Det var
og mange som brūka ein jern –
ring istaden for snor, men då og
brūka dei ljåspöta.
Det var vanleg at dei gjekk heim og
slipa kvar ykt. Men sūmme hadde
ein del ljåar som dei slipte opp
om kvelden, og så slo dei med dei
så lenge dei var kvasse.

356

[redacted] ETNOLOGISK. GRANSKING

andre blad.

Dei eldste, tykte eg, var helst noko seine før dei slipa. Det kan vera at dei var meir oppstande til å brüka kvatsbeinen, eller at dei ikkje var vane med så gode slipesteinar. Det künne nok og vera at dei var redde å slipa vekk for mykje av ljåen. Den tida dei slo med ljåen millom kvar gong dei kvatte, kalla dei „ei kvåta"

Ein god og kvass ljå var ein dyrverdig ting. Når dei skülle kjöpa seg ein ny, var det alltid spanande og vanskeleg å velja ein god. Tidt prövde dei med å halda ljåen opp og slå på han. Etter klangen prövde dei då og finna den rette. Var klangen for hög, var han for hard, og var han for mörk, var ljåen for blaüt. Men det måtte nok eit sers nemt og oppstamt öyra til å höyra og skyna dette. Dei hadde og ein annan måte. Dei tok ein spikar eller liknande, og klemde hardt mot egget frå sida. Dersom då egget berre la seg, var han for blaüt, men sprang det üt eit höveleg stort skard, var det von om bra bit. Likevel künne han då vera for hard. Då prövde dei å „lönna" han ved å slipa han på türre slipesteinen. Eg veit og at dei la ein bomülstråd som dei düppa i tran langs egget frå „kjo"(eit) eller tjo og fram til odden. Når dei då tende på,


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 356

4

blei han så oppvarma at han mjuk-
na. Fekk dei då ein god ljå, som lydde
kvatsteinen som dei kalla - det var at
ljåen blei kvass, kvar gong dei kvatte,
så måtte dei slipa varleg. Eg hugsar
at ein gamal mann fortalde at
dei blei lærde at dei ikkje skulle sli-
pa ljåen heilt fram. Det skulle vera
att ein liten kant som dei kvatte
fram. Ein annan fortalde at dei bruka
å slipa på den måten når dei skulle
slå på lauvbakkar der det var kalk-
skal som stjemde ut. For egget blei
på den måten ikkje så tunt og sköyrt.
Elles slipa dei heilt fram, og kjende gjerne
med fingen om dei hadde slipt fram
ro. Dei gamle tala elles mykje om
„roa"(ei) på ljåen. Det var den tunne
ru kanten som legg seg fram for
sjölve egget når ein sliper heilt fram.
Denne sliperoa datt helst av når ein
kvatte; men istaden kvatte ein fram
ei kvetjero, og det var denne som
gav ljåen det rette bit. Sume hadde
og ei stryke av mjukt tre, som dei strauk
ljåen med etter kvar gong dei kvatte.
Det var få som hadde nokor sers hylke
til å ha kvatsteinen i. Eg hugsar berre
ein som hadde kvåteholk. Han var av
tre og han feste han bak i belte. Elles
bruka folk tidaste eit sjeann som dei
sette ifrå seg på marka. Men etter
at kunststeinane er blitt vanlege,
brukar helst folk å kvetja turt, då
bruka dei ikkje kvåteholk.

356
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
356